

# Familiekveld

Utarbeidd av Mette Christensen, lærar på Drammen vidaregåande skule

**Føremål:** Elevane skal få vist fram forskingsprosjekta sine for familien.

**Tid:** Minst 3 timar førebuing og 3 timar til gjennomføring.

**Forarbeid:** Alle elevar lagar ein plakat som dei skal stå ved når gjestane går rundt.

## Dei fekk denne instruksen:

- Du skal lage ein plakat som formidlar noko av det viktigaste frå Holbergprisen i skolen-oppgåva di.
- Dette kan vere problemstillinga di, nokre av spørsmåla du stilte og/eller svara du fekk, og metoden du brukte.
- Sørg for å ha med noko visuelt som fangar merksemda til publikum.
- Hovudpoenget er å gi publikum eit utgangspunkt for å spørre vidare.

Nokre elevar får også vist sine munnlege presentasjonar, som vi har valt å kalle innsal eller "pitch". Dette er ei oppgåve elevane gjer i norskfaget, der målet er å selje inn forskinga si til moglege "investorar".

## Dei fekk denne instruksen:

- Du skal halde ein munnlegg appell på to minutt der du prøver å "selje inn" Holbergprisen i skolen-forskinga di til eit publikum.
- Vi tenkjer oss at publikum er ei samling vaksne investorar (folk med pengar) som kan vere villige til å betale for at du skal få forske på problemstillinga di.
- Hovudpoenget med appellen din er altså å overtyde dette retoriske publikummet om at forskingsprosjektet ditt er verd å satse på.

### Program for familiekvelden:

- Vi tek imot gjestane med ein kort presentasjon av kva Holbergprisen i skolen handlar om.
- Nokre elevar framfører forskingsprosjektet sitt som ein "pitch" for alle gjestane.
- Gjestane får så ta ein runde i klasseromma der alle elevane har laga ein palakt der dei presenterer problemstillinga si og dei viktigaste funna sine.

**Eventuell utviding av oppgåva:** Til slutt blir det arrangert kakesal og utlodding, som kan gi eit påfyll i klassekassene.